



Under trafikk møtet på skulen tidlegare i veka var henting av elevane eit hovudtema og det vart sagt frå skulehald at det er særleg kaotisk på busshaldeplassen når dei vert henta rundt klokka 14. i tillegg til 2-3 bussar er det då gjerne 10-15 privatbilar som kjem på rad og rekke og fleire seier til uskedalen.no at dei fryktar ulukker. Til alt hell har det ikkje førebels vore nokon slike. Når det er regnver er trafikken enda større, men biletet over er teke i fint ver.

Under møtet vart det ikkje lansert nokon løysing på problemet, men det vart bebuda eit initiativ frå FAU og det vil vel da også omfatta problemet med og behovet for større parkeringskapasitet ved skulen. Men heller ikkje det er lett å løysa på grunn av omsynet til dyrka mark.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen